

# PROSJEKTPLAN LOKALE FRILUFTSOMRÅDE

## 1. Mål og rammer

### 1.1 Bakgrunn

Friluftslivet er eit satsingsområde både lokalt, regionalt og nasjonalt. I Hordaland er det gjort ei kartlegging av friluftsområde som er av regional verdi. Det vil seia at det kjem personar frå andre kommunar og nyttar dei i og med at dei har kvalitetar som går ut over det lokale. Det er eit stadig press på ubygde areal. Mykje areal vert nytta i fritida som friluftsareal. Det kan vera snarvegen til jobben gjennom skogen, fiskeplassen, bærplukking, skisporet på jordet, båtplassen med meir. Å få kartlagd desse lokale områda er omfattande då det kan vera veldig mange av dei. Sjølvsagt vil det vera slik at innbyggjarane i Stord og nyttar dei regionale områda i stor grad, men likevel ser ein det som sentralt å få kartlagd områda som representerer det lokale.

I kommuneplanen står det at det er viktig å ta vare på dei grøne lungene samt å knyta dei sentrumsnære områda saman med naturområda utanfor. Dette er viktig for alle grupper og ikkje minst for skulane som skal ha 1 time fysisk aktivitet kvar dag. Eigenorganisert aktivitet i form av friluftsliv er nok ein mykje større aktivitet enn det folk flest trur, men sidan det ikkje er ein einsarta gruppe/organisasjon er dei vanskelege å måla.

Vidare skal ein leggja til rette for sunne val noko som prosjektet absolutt gjer. Å få verna kulturmiljø, grøne lunger og friluftsområde er viktig både for psykisk og fysisk helse. Det er også krav om at arealfortetting i kommuneplanen. Å ta vare på dei få grøne lungene som er att vert i så måte endå viktigare.

Me har laga ein eigen plan for Grøntstruktur, turvegar og gang/sykkelvegar på Stord som eit delprosjekt til kommuneplanen sin arealdel. Kartlegging i form av til dømes barnetråkk er eit viktig virkemiddel.

### 1.2 Mål

Utarbeide ein oversikt over lokale friluftsområde i Stord kommune.

### 1.3 Rammer

Prosjektet skal vere gjennomført i løpet av 2013.

Prosjektgruppa kan vera styringsgruppe medan ein leiger inn ekstern hjelp til sjølve feltarbeidet.

## 2. Omfang og avgrensing

### 2.1 Oppgåver

- Kva friluftsområde vil me sjå på – avgrensing?

- Kva er alt kartlagd?
- Område gjennom dei ulike årstidene
- Sikring?
- Metode

## 2.2 **Avgrensing**

Styringsgruppa vil i samarbeid med prosjektarbeidar avgrensa kva ein skal registrera og kva metode me skal nytta.

## 3. Organisering

### 3.1 **Ansvar**

**Prosjekteigar:** Stord kommune

**Prosjektansvarleg:** Styringsgruppa for Prosjekt folkehelse i Stord kommune

**Prosjektarbeidar:** 100 % stilling i 6 månadar

**Prosjektgruppe:** Styringsgruppa for Prosjekt folkehelse i Stord kommune

### 3.2 **Samarbeid**

Stord Jeger og fiskeforeining

Stord-Fitjar Turlag

Skular og barnehagar - barnetråkk

Orienteringsgruppa

Gutta på Tur

Velforeiningar

## 4. Avgjelder, oppfølging og milepælar

### 4.1 **Avgjerdspunkt**

[\(Link til meir informasjon\)](#)

<b>AP nr.1</b>	<b>Dato:</b> <b>10.05.11</b>	<b>Namn:</b> Godkjenning av prosjektplan.
<b>Kva skal det takast ei avgjerd om:</b>		
Prosjektansvarleg godkjenner planen med ev. endringar.		
<b>Dokumentasjon:</b> Framlegg til prosjektplan.		

<b>AP nr.2</b>	<b>Dato:</b> <b>30.09.11</b>	<b>Namn:</b> Godkjenning av modell for kartlegging
<b>Kva skal det takast ei avgjerd om:</b>		
Kartleggingsmodell		
<b>Dokumentasjon:</b> Framlegg til modell for kartlegging av lokale friluftsområde		

## 4.2 Oppfølging

## 4.3 Milepælar

Nr.	Dato	Milepæl
1	100511	Godkjenning prosjektplan
2	200611	Prosjektgruppe er etablert
3	150212	Modell og plan for gjennomføring er godkjent
4	150312	Modell og plan for gjennomføring er presentert for politisk leiing
5	300512	Tilsetjing prosjektarbeidar
6	010413	Ferdig plan

(legg evt. til fleire milepælar)

## 6. Gjennomføring

### 6.1 Hovudaktivitet

Namn	Oppgåve	Resultat	Ansvar	Ferdig dato
Prosjektgruppe	Kalle inn deltakarar til møte	Gjennomført møte i prosjektgruppa	Prosjektarbeidar	20.06.12
Krav til tilbod	Greie ut kva som	Ein er samde	Prosjektgruppa	15.08.12

	skal vera med i kartlegginga	om kva som skal vera med		
Eksisterande tilbod	Greie ut kva tilbod som alt er kartlagde	Oversikt over eksisterande område	Prosjektgruppa	15.08.12
Ressursbruk og finansiering	Greie ut trong for ressursar og alternativ for finansiering	Oversikt over trong for ressursar. Forslag til finansiering	Prosjektgruppa	30.08.12
Godkjenning prosjektansvarleg	Modell og plan blir presentert for prosjektansvarleg		Prosjektleiar	
Godkjenning strategisk leiing	Modell og plan blir presentert for strategisk leiing		Prosjektansvarleg/ Prosjektleiar	
Gjennomføring	Feltarbeid og rapport		Prosjektansvarleg/ prosjektarbeidar	01.04.13

## 7. Økonomi

### Prosjektbudsjett

Handling	Kostnad pr time	Totalt timetal	Kostnad
1) Løn prosjektarbeidar 100% stilling 6 mnd	450	666,67	300 000
2) Ressursbruk prosjektgruppe	2000	100	200 000
3) Ressursbruk prosjektansvarleg	500	100	50 000
4) Kontorutgifter Stord kommune	500	100	50 000
Søkjer om 150 000 til punkt 1, 2, 3 og 4 vert teke internt i kommunen, fekk 150 000 i fjar			

## 8. Kontraktar og avtaler